



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 13.02.2018  
Vår ref: 14/01872-16  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Helland i Modalen kommune. Tiltakshavar: OH Natursand AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

### **1. Konsesjonen**

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 15.12.2014 fra OH Natursand AS med org. nr. 933 717 976. OH Natursand AS med org. nr. 933 717 976, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av mineralske ressursar i Helland på del av eigedomen gnr./bnr. 78/3 i Modalen kommune. Mineralførekomenstn hører til kategorien mineral som grunneigaren eier.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 78 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan datert 10.03.2016 med plan-ID 20150001 og namn «Sandtak Krossdal Modalen» er området regulert til «masseuttak/landbruk».

DMF gjør merksam på at ein driftskonsesjon gjeven i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving. Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

#### **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.



## **2.2. Økonomisk sikkerheit**

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 600 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast ved å betale inn eit grunnbeløp på NOK 150 000, og deretter årlege avsetjingar som skildra i punkt 5.11, til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis.

Innan 2 månader etter datoén på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, sjå vedlegg 2.
- (ii) dokumentert at grunnbeløpet på NOK 150 000 er innbetalt til ein pantsett bankkonto.
- (iii) etablert pant i kontoen til fordel for DMF, sjå vedlegg 3.

## **2.3. Bergteknisk ansvarleg**

DMF har registrert Jan Otto Midttun som bergteknisk ansvarleg for Helland. Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

## **2.4. Andre vilkår**

Konsesjonsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Helland. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, sjå vedlegg 4.

## **4. Høyring**

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Modalen kommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Statnett SF, Statens vegvesen og andre rørte partar.

Høyringsperioden var frå 05.01.2018 til 02.02.2018.

DMF har motteke høyringsfråsegn frå Statens vegvesen, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Mike Paul Klaus Rackwitz med fleire, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Modalen kommune.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:



## Statens vegvesen

Attgjeving av vesentlege delar av Statens vegvesen sitt høyringsfråsegn:

### **«Våre merknader**

Kryssset mellom kommunal veg og fv. 345 har tilstrekkeleg radius og hellinggrad for semitrailerar. I utgangspunktet skal stoppsikta 20 m inn i avkjørsla vera 115 m mot nordaust, sidan fartsgrensa er 80 km/t. Etter rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016) har fv. 345 haldningsklasse 4 (lite streng klasse) og årsdøgntrafikken er 400 køyretøy. I tillegg fører vegen si utforming til at fartsnivået er maksimum 60 km/t. Statens vegvesen kan difor akseptera eksisterande stoppsikt på om lag 11x70 m.

Statens vegvesen har ikkje fleire merknadar og ynskjer tiltakshavar lykke til vidare i søknadsprosessen.»

## DMF sin kommentar

*DMF gjer Tiltakshavar merksam på Statens vegvesen sitt høyringsfråsegn og tar vidare høyringsfråsegna til etterretning.*

## Fylkesmannen i Hordaland

Attgjeving av vesentlege delar av Fylkesmannen i Hordaland sitt høyringsfråsegn:

### **«Unngå avrenning**

Ein skal retablere laks i Modalsvassdraget. OH Natursand har kort avstand til vassdraget, og det er derfor særskilt viktig at det vert gjennomført tiltak for å unngå avrenning. Vi føreset at dei følgjer føresegnene i reguleringsplanen om forureining. I tilfelle drifta fører til forureining, må verksemda søkje om løve etter forureiningslova til Fylkesmannen. Eit eventuelt løyve vil gjere forureining lovleg, innanfor gitte grenser.

### **Særskilde reglar for mineralavfall**

Vi gjer merksam på kapittel 17 i avfallsforskrifta om handtering av mineralavfall. I eit eventuelt driftsløyve bør det nemnast at viss det oppstår mineralavfall i drifta, må verksemda følgje reglane i kapittel 17.

### **Reglar for knuseverk**

Viss verksemda har knuseverk gjeld kapittel 30 i forureiningsforskrifta. Forskrifta set krav til utslepp av vatn, støy og støv. Fylkesmannen skal ha melding om knuseverk, og det er skjema på nettsida vår som skal nyttast.»

## DMF sin kommentar

*DMF gjer Tiltakshavar merksam på Fylkesmannen i Hordaland sitt høyringsfråsegn. Det går fram av driftsplanen at det ikkje skal nyttast verken siktestasjonar eller stasjonære eller midlertidige/mobile knuseverk i sandtaket. Forureining frå verksemda i form av støv, støy og utslipp til vatn regulerast difor av forureiningslova. Vi viser i den forbindelse til forureiningslova § 11 om særskilt løyve til forureinande tiltak. Vi viser vidare til reguleringsføresegna punkt 4 om forureining, og driftsplanen sitt punkt 6.2 om tiltak mot forureining. DMF føresetjar at Tiltakshavar driv i samsvar med forureiningslova, gjeldande reguleringsplan og godkjend driftsplan.*



*DMF gjervidare Tiltakshavar merksam på høyningsfråsegn knyta til minerallavfall, og føresetjarat Tiltakshavar driv i tråd med avfallsforskrifta kapittel 17. Ut over dette tek DMF fylkesmannen sitt høyningsfråsegn til etterretning.*

#### Hordaland fylkeskommune.

Attgjeving av vesentlege delar av Hordaland fylkeskommune sitt høyningsfråsegn:

#### **«Vurdering**

##### ***Reguleringsplan***

Under arbeidet med reguleringsplan for området, gav Hordaland fylkeskommune høyningsfråsegn sist i brev datert 06.01.2016 med tittelen «Fråsegn til revidert detaljreguleringsplan for sandtak, Krossdal og Helland - Modalen kommune» (vår ref. 2014/23719-24). Det er Helland som er dekkande for det omsøkte området.

Ifølgje søknaden om driftskonsesjon, vart reguleringsplanen for området vedteken 14.03.2016 i kommunestyresak 010/2016. Vi kan ikkje sjå at fylkeskommunen har fått melding om vedteken reguleringsplan, men på kommunen si heimeside «Reguleringsplan Krossdalen – Helland sandtak» (<http://www.modalen.kommune.no/gjeldane-reguleringsplanar.378418.nn.html>), er det lenkjer til planføresegner, plankart og konsekvensutgreiing.

I fråsegna frå fylkeskommunen datert 06.01.2016 (nemnt over), vart det vist til fylkeskommunen si tidlegare fråsegn 05.10.2015, og vurdert at planframlegget framleis var minimalistisk i omtalen av dei ulike plantema. Planområdet ligg sentralt plassert i Modalen og vil prege landskapet i dalføret for framtida. Det hadde vore positivt om planskildringa hadde omfatta konsekvensar masseuttaket vil ha for landskapet, og det vart bedt om at ein særleg hadde omsyn til nær- og fjernverknader av tiltaket i det vidare arbeidet. Elva er registrert som eit regionalt friluftsområde med strandsoneverdiar. Det er positivt at det er vist omsyn til Modalselva i plankart og føresegner, og dette må vidareførast i det vidare arbeidet.

##### ***Kulturminne og kulturmiljø***

Hordaland fylkeskommune ved fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

I brev datert 30.09.2015 og 05.10.2015 var det kravd forlenga høyningsfrist og arkeologisk registrering, for å kunne handheve undersøkingsplikta i medhald av kulturminnelova § 9. Arkeologiske registrering vart utført i perioden 19.-23.10.2015. Det blei ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne. Område som fylkeskonservatoren hadde innspeil til i brev datert 30.09.2015 er tekne ut av planen. Fylkeskonservatoren har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyremakt har vurdert funnet.



## **Grus som byggjeråstoff - ressursforvaltning**

Det følgjer av plan- og bygningslova (§ 11-7) at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal vise område for råstoffutvinning. I nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging (jf. kgl. res. i 2015), er det forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Spesielt er det forventa at behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.

I eit lite sand- og grusfylke som Hordaland, med knappe attverande ressursar som kan vere aktuelle for uttak, bør gode førekomstar søkjast brukt til høgverdige formål, t.d. tilslag i betongproduksjon, og ikkje gå til formål som kan dekkast av andre massar. Ifølgje søknaden skal utteken sand/grus hovudsakleg gå til betongproduksjon. Ifølgje driftsplanen er totalt volum sand/grus i førekomsten på ca 730 000 m<sup>3</sup> og uttaket til no (april 2017) på ca 170 000 m<sup>3</sup>. Med eit antatt årleg uttak ifølgje driftsplanen på ca 35 000 m<sup>3</sup>, vil førekomsten i tilfelle berre gje drift i ca 16 år. Sett frå eit ressursperspektiv bør det vere av interesse å søkje å strekkje drifta lengst mogeleg, ved å søkje å supplere uttaket av sand og grus med massar frå fjelluttak. »

### DMF sin kommentar

*Kva angår høyningsfråsegna knyta til reguleringsplan, viser DMF til plan- og bygningslova og kommunen som planmyndighet. DMF gjør vidare Tiltakshavar merksam på fråsegna knyta til kulturminne og kulturmiljø, og føresetjar at Tiltakshavar driv i samsvar med kulturminnelova, her under meldeplikta etter kulturminnelova § 8. Ut over dette tek DMF fråsegna knyta til ressursforvaltning til etterretning.*

### Mike Paul Klaus Rackwitz med fleire

Ein attgjeving av høyningsfråsegna frå Mike Paul Klaus Rackwitz, Linda Lundekvam, Alexandre Mink, Malies Wickel, Thomas Mink, Heidi Berntzen, Trygve Mjelde og Britt Farestveit:

«Etter det me forstår er det planlagt sanduttak i Krossdalen i Modalen ved Helland. Dette vil bli eit sandtak som kjem i tillegg til eit anna stort sandtak på Helland.

Vi som bur i byggefeltet rett ved barnehagen anla våre hus her mellom anna på grunn av den vakre naturenlutsikta frå våre eigedommar. Etter dette har det blitt anlagt eit sandtak aust for oss. Dette har me godteke fordi me har forståing for at sanddrift har vare og er ein viktig næring i Modalen.

Men, når det no er planlagt endå eit sandtak mot sør, så vil dette forringe det meste av utsikta frå våre eigedommar. Dette er dei to himmelretningane der vi har hatt ein relativt god utsikt til ettersom landskapet ikkje gjev rom for så mykje utsikt mot nord eller vest.

Ikkje berre fryktarme for at det nye sandtaket vil forringe utsikta/verdien av eigedommane, men me ser også for oss at det vil bli ein del støy og støv i samband med drifta i sandtaket.



Ei trøyst i det heile er at noko av det nye sandtaket er delvis løynd bak ein liten skog som står mellom elva og vegen frå brua til Helland og om lag 250m vestover til ei elv som renn ut i Modalselva frå sør. Området vert i dag kalla Nærrestølen (sjå vedlegg, område markert med raudt).

For at me skal godta dette nye sandtaket, ynskjer me at denne skogen skal bli stående fram til sandtaket er ferdig drifta og tildekkja med jord. Skogen vil såleis fungere som ein naturleg skjerming mot den skjemmande utsikta til sandtaket, samt at den også vil antakeleg dempa både støv og støy frå anlegget medan det er i drift.»

#### DMF sin kommentar

*DMF gjer Tiltakshavar merksam på høyringsfråsega frå de nærmaste bebruarane av massetaket. DMF vil først og fremst opplyse om at uttaket det søkjast om driftskonsesjon for, ikkje er eit nytt sandtak, men eit uttak som allereie er i drift. Uttaksområdet ligg på oversida av elva, og ikkje omkring det området kor det føreslås at skog skal stå igjen for å hindre innsyn til uttaket. Konsesjonsområdet er omtala som område «AB2» i plankartet til reguleringsplanen.*

*Kva angår forureining i form av landskapsbilete i området, samt støv og støy, viser vi til forureiningslova, her under lovas § 7, kor det står at «Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forureining utan at det er lovlige etter §§ 8 eller 9, eller tillat etter vedtak i medhald av § 11.». Fylkesmannen er forureiningsmyndighet. Vi føresetjar at Tiltakshavar driv i samsvar med forureiningslova og løyve gitt av forureiningsmyndigheita.*

*DMF oppfordrar vidare Tiltakshavar til tett og konstruktiv dialog med dei nærmaste beubarane av sandtaket, for å slik ta omsyn til forureiningsproblematikk i området. Ut over dette tek DMF høyringsfråsega frå dei nærmaste beubarane av sandtaket til etterretning.*

#### Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Ein attgjeving av vesentlege delar av NVE sitt høyringsfråsegn:

«NVE engasjerte seg i saka i samband med utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket. Eit hovudpoeng for oss var då at det ikkje måtte skapast nye flaumareal som følgje av masseuttaket. Det vart gjennomført kartlegging av flaumfare. Føresegnene til reguleringsplanen er utforma slik at det ikkje skal takast ut masse under nivå for 200 års flaum tillagt 0,5 meter, og at ferdig tilbakeført areal skal ha 3% stigning bakover frå elva/fylkesvegen.

Driftskonsesjonen må følgje opp reguleringsplanen sine avgrensingar i uttaksdjupne, og føresegner om terrengforming etter avslutta uttak.»

#### DMF sin kommentar

*DMF gjer Tiltakshavar merksam på NVE sitt høyringsfråsegn, og føresetjar at Tiltakshavar etterlev gjeldande reguleringsføresegn, her under reguleringsføresegn sitt punkt 2.2.1. Ut over dette tek DMF NVE sitt høyringsfråsegn til etterretning.*

#### Modalen kommune

Ein attgjeving av Modalen kommune sitt høyringsfråsegn:



#### **«Planstatus:**

Arealet er i gjeldane kommuneplan satt av til råstoffutvinning. Det ligg føre godkjent detaljregulering for område, *reguleringsplan detaljregulering sandtak Krossdal – Helland, PLANID: 12522015001*. Modalen legg til grunn at føresegna i detaljregulering vil legge føringar for vilkår som skal stillast i løyve til driftskonsesjon.

#### **Naturmangfald:**

Kommunen har ikkje kjennskap til at det er spesielle naturverdiar på eller nærmere arealet. Men kommunen meiner at det må gjerast ein generell vurdering av tiltaket etter Naturmangfaldslova §§ 8-12, jf. NML § 7.

#### **Avrenning til veg og vassdrag:**

Kommunen meiner det må stillast vilkår om å hindre at utvasking/avrenning av finstoff. Dette for å unngå at det kjem avrenning av finstoff over vegen og ned i Modalselva. Modalen kommune, Fylkesmannen i Hordaland og elveeigarlaget jobbar med fiskekultiveringstiltak for å tilbakeføre laksen i vassdraget. Finstoff frå sanduttaket kan få negativ konsekvens for dette arbeidet, dersom det kjem ut i vassdraget. Difor er det viktig å unngå at finstoff frå området kjem ut i vassdraget. Kommunen viser samstundes til rekkefølgjekrav pkt. 1.3.1 og pkt. 4.1.1 under ureining. Handsaming av overflatevatn må vere på plass før det kan gjevest løyve til tiltak innanfor planområde, jf. pkt. 4.1.2 i detaljregulering. Det bør sjåast i samanheng med VA-rammeplan for område, jf. pkt. 1.3.1. Kommunen vil også understreke at føresegna om ureining i detaljreguleringa er viktige for å unngå ureining frå sanduttaket, og at dei må leggjast til grunn for vilkår i ein driftskonsesjon, jf. pkt. 1.2 i detaljregulering.

Det er viktig å fortløpande tilbakeføra dei område som er ferdig utteke med sand, slik at dei kan såast til for jordbruksproduksjon. Dette vil vere viktig for å redusere risikoen for utvasking av finstoff frå sanduttaket.

#### **Istandsetting og etterbruk:**

Kommunen meiner det må stillast klare vilkår til istandsetting og etterbruk av arealet. Kommunen viser til rekkefølgjekrav pkt. 1.3.3 om at ferdig utteke område skal årleg leggjast tilbake, dekkast med jord og klargjerast for jordbruksdrift.

Kommunen meiner det er viktig at dette arbeidet vert gjort fortløpande, og meiner det må vere klare vilkår for kvaliteten på dei tilbakeførte areala. Modalen kommune meiner det skal tilbakeførast til fulldyrka jord der det er mulig. I dei tilfella dette ikkje er mogleg, må det tilbakeførast til overflatedyrka jord eller innmarksbeite. Tilbakeføringa må utførast slik at dei oppfylle dei krav stilt til arealklassen i AR5 klassifikasjonssystemet frå NIBIO. For fulldyrka jord er det krav om tilstrekkelig steinfritt ploglag (20 cm) og ein jorddjupne på meir enn 30 cm til fast fjell.

Det er viktig ved drifta at jord vert lagt til side for å kunne nyttast fortløpande til tilbakeføring av arealet. For å kunne få god etterbruk av areala som jordbruksareal er det viktig at toppjordslaget, dei øvste 30 cm blir tatt av for seg sjølv og lagt til side, slik at ein unngår å blande den beste jorda. Dei øste 30



cm som vert tatt av, må leggast på igjen som nytt topplag på dei tilbakeførte areala. Det er difor viktig at dei vert utarbeid ein plan for handsaming av massar i planområdet, slik at ein veit kor mykje jordmassar som er i område til tilbakeføring og eventuelt kor mykje massar som må tilførast. Dette er viktig for å sikra at område vert tilbakeført og at område vert mindre synleg elles i landskapet og att ein får tilbake jordbruksareal.

Når det gjeld avsluttande skråningar mot naboeigedommar der det er lausmassar, så må dei avsluttast med ein heling slik at ein unngår seinare utrasing.»

#### DMF sin kommentar

*DMF gjer Tiltakshavar merksam på Modalen kommune sitt høyningsfråsegn. Kva angår planstatus, gjør DMF merksam på at ein driftskonsesjon gjeve i medhald av minerallova ikkje erstattar regler Tiltakshavar er bunde av etter anna regelverk, her under reguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegns for området. Dette betyr at reguleringsføresegna er juridisk bindande uavhengig av om dei stillast som vilkår i driftskonsesjonen eller ikkje. DMF føresetjar at Tiltakshavar etterlever gjeldande reguleringsføresegns for området.*

*Kva gjelder naturmangfald, viser vi til vedtaket sitt punkt 5.7 for vårvurdering av miljøkonsekvensar av tiltaket.*

*Når det gjelder fråsegna knyta til avrenning til veg og vassdrag, viser DMF til reguleringsføresegna punkt 4.1.1, 4.1.2 og 4.1.3 om avrenning til Modalsvassdraget, punkt 3.2.2 om grøntareall langs fylkesveg og kommunalveg, samt punkt 1.3.1 om krav om godkjend VA-rammeplan og punkt 4.1.2 om overflatevatn. Vi viser vidare til driftsplanen sitt punkt 6, som skildrar tiltak mot forureining. DMF føresetjar at Tiltakshavar følgjar opp og driv i samsvar med gjeldande reguleringsføresegns og godkjend driftsplan.*

*DMF viser vidare til forureiningslova, her under plikta til å unngå forureining i lovas § 7. Vi viser også til vannressurslova § 5, som lyder slik: «Enhver skal opprette aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.» DMF føresetjar at Tiltakshavar driver i samsvar med forureiningslova og vannressurslova.*

*Vi viser til kommunen sitt fråsegn knyta til istandsetting og etterbruk. Kva gjelder fortløpende istandsetting av området, viser vi til reguleringsføresegna punkt 1.3.3 og driftsplanen sitt punkt 6.1.2, og føresetjar at Tiltakshavar etterlev nemnte reguleringsføresegns og driftsplanens plan for fortløpende istandsetting av området. Vi oppfordrar vidare Tiltakshavar til tett og konstruktiv dialog med kommunen som planmyndighet, for å legge til rette for at istandsettinga av området skjer på ein kvalitetssikra måte.*

*Kva angår handtering av avdekkingsmassar, viser DMF til reguleringsføresegna punkt 1.2.1, kor det stillast krav til plan for handsaming av massar i planområdet. Vi føresetjar at tiltakshavar etterlever reguleringsføresegna punkt 1.2.1. Kva angår helling på avsluttande skråningar for å hindre utrasing, vurderer DMF at driftsplanen, her under plan for avslutting og sikring, legg opp til forsvarlig drift, avslutting og sikring av området. Ut over dette tek DMF Modalen kommune sitt høyningsfråsegn til etterretning.*



## 5. DMF si vurdering

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekomensten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### 5.1 Utvinningsrett

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhørar kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavar er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekomensten. Tiltakshavar har i søknadsprosessen lagt fram avtalar med grunneigaren for grnr./bnr. 78/3 i Modalen kommune som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalane gjev etter DMF si vurdering Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomensten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

### 5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 78 daa og går fram av kart i vedlegg 1.

Etter reguleringsplan datert 10.03.2016 med plan-ID 20150001 og namn «Sandtak Krossdal Modalen» er området regulert til «masseuttak/landbruk».

### 5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for året før søknadstidspunktet. DMF har vidare gjort ei vurdering av verksemda si noverande økonomiske situasjon. På grunnlag av opplysningane som ergjevne vurderer DMF bedifta som økonomisk skikka.

### 5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.



Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomsten innanfor arealet på 78 dekar regulert til føremålet. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut ned til botnkoten på 21 moh er estimert til kring 730 000 m<sup>3</sup>. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 35 000 m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i 2 etappar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. I tillegg til driftfasane skal det leggjast fram ein plan for sikring og avslutting av grustaket. Planlagd etterbruk av området er jordbruk.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Helland godkjennast. Ein finn at plane n tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjøre endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

### **5.5 Bergfagleg forsvarleg drift**

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

### **5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomsten**

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Jan Otto Midttun som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.



Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

### **5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga**

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket, datert 10.03.2016.

#### *Biologisk mangfald - Vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i naturbase og artskart (gjennomførte den 03.07.2017) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden.

Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

#### *Avrenning – vurdering etter forureiningsforskrifta § 30-6*

Uttaksområdet ligg i nærleiken av eit vassdrag. Massetaket kan såleis føre til partikkelflukt til vann, med potensiale for påverknad av miljøet i vatn. Effektane på vassdrag kan vere tilslamming og generelt forverra kvalitet på vatn.

I den forbindelse viser DMF til reguleringsføresegna punkt 4.1.1, 4.1.2 og 4.1.3 om forureining av Modalsvassdraget. Vi føresetjar at Tiltakshavar etterlever gjeldande reguleringsføresegn, vidare at Tiltakshavar tek omsyn til vassdraget i området. Vi viser vidare til forureiningslovas § 7 om plikt til å unngå forureining.

#### *Konsekvensar av tiltaket for kulturminner*

DMF har ved søk i naturbase ikkje gjort funn av kulturminna i konsesjonsområdet. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

#### *Forureining*

Massetaket kan føre til forureining i form av støv og støy. Forureining i form av støv og støy regulerast av forureiningslova. Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit.

#### *DMF sin konklusjon*

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

### **5.8 Tilhøvet til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr. Det går fram av driftsplanen at minst 3 meter innanfor skjæringskantane skal det



vera oppsett sikring. Sikringa skal vedlikehaldas. Eksempel på sikring kan vere jordvoll. Vidare går det fram av driftsplanen at det ved innkøyrsla til sandtaket skal setjast opp skilt med «Sanduttak – Adgang forbudt». Det skal òg setjast opp låsbar bom som skal vere låst når det ikkje er drift i sandtaket.

DMF har kome til at tilhøvet til omgjevnadane og dei nærliggjande områda under drift ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

### **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga: sand, grus, pukk og leire (byggjerastoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vregar og anlegg. Tiltakshavar opplyser i søknaden at førekomsten, som består av natursand, hovudsakleg vil nyttast til betongproduksjon.

### **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Det går fram av driftsplanen at med uttaksdrift frå vest mot aust skal ferdig utteke område pussast opp, og flate parti skal dekkast til med jord og klargjeraast for grasproduksjon. Området skal arronderast til planlagt etterbruk. Utlegging av vekstjord og tilsåing skal gjennomførast. Vidare skal det utførast gjødselsprøytning av skråningar. Permanent gjerde skal vidare setjast opp på toppen av skråninga.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

### **5.11 Økonomisk sikkerheit**

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Søker foreslår å stille økonomisk sikkerhet med en oppryddingskonto med et grunnbeløp på kr 150 000, for deretter årlege avsetningar på kr 1,50 av kvart solgte tonn til summen på kontoen når kr 600 000. Kostnadene ved avslutning av sandtaket anslås til rundt kr 200 000 til 300 000, men det tas høgde for eventuelle upårekna utgifter i sluttfasen.

#### **5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere**

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere tilfredsstillande.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 600 000 for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader. (det kan òg leggjast vekt på andre relevante omsyn – moment frå rettleiinga!)



### 5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved innbetaling av eit grunnbeløp og ved individuell fondsavsetjing, begge deler til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

#### Grunnbeløp

Etter DMF si vurdering er det naudsynt å stille krav om innbetaling av eit grunnbeløp for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartsfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Tiltakshavaren skal difor innan 2 månader etter datoен då konsesjonsvedtaket bleigjort, betale inn eit grunnbeløp på NOK 150 000 til ein bankkonto. Beløpet er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

#### Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 600 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,50 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på ca. 13 år, det vil seie ca. NOK 35 000 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 70 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,50 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

### 5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

### 5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå



Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

## 6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drifta er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekjoms av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## 7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til:

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekjoms blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan



## Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## 8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar. Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Maria Lauritzen  
seniorrådgjever

Maria Teresa Martinez  
rådgjever

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Maria Teresa Martinez*



Vedlegg:

KONSESJONSOMRÅDE FOR HELLAND I MODALEN KOMMUNE.pdf  
AVTALE OM FINANSIELL SIKKERHETSSTILLELSE.docx  
PANTSETTELSESERKLÆRING FOR ENKLE PENGEKRAV.docx  
GODKJEND DRIFTSPLAN FOR HELLAND I MODALEN KOMMUNE.pdf

Mottakarar:

OH Natursand AS Ytre Arnavg 100 5261 Indre Arne

Kopi til:

Modalen kommune	Postboks 44	5729 MODALEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Trond Farestveit Helland	HORDVIKNESET 76 C	5108 HORDVIK
Frank Stian Steinsland	Skjerja vege 21	5729 MODALEN
Atle Helland	Eida vege 520 d	5993 OSTEREIDET
Tone Lien	NEDRE HELLAND 80	5729 MODALEN
Jan Arild Steinsland	NEDRE HELLAND 80	5729 MODALEN
Kåre Olav Helland	VENNERØDVEIEN 241	3160 STOKKE
Oddny Hildur Helland	RAMBERGVEIEN 25 C	3115 TØNSBERG
Åsbjørg Maria Helland	V/KIRSTEN MAUSETHLUNDEN 34	0598 OSLO
Torbjørn Trohaug	MODALEN 443	5729 MODALEN
Johnny Martin Magnussen	Rasmusvegen 23	5264 GARNES
Endre Mo	Modalen 5	5729 MODALEN
Linda Neset	MODALEN 5	5729 MODALEN
BKK Produksjon AS	Kokstadvegen 37, Postboks 7050	5020 BERGEN
Magnar Helland	SØREIDTRÆET 31	5251 SØREIDGREND
Anna Haugsdal	INDRE HAUGSDAL 768	5984 MATREDAL
Jakob Helge Molnes	Molnesvegen 386	6040 VIGRA
Britt Farestveit	SKJERJAVEGEN 60	5729 MODALEN
Trygve Mjelde	SKJERJAVEGEN 60	5729 MODALEN
Marlies Wickel	SKJERJAVEGEN 66	5729 MODALEN
Anita Stusdal	KLEIVANE 23	5729 MODALEN
Mette Lillejord Mjelde	SOLBJØRGSDALEN 121	5282 LONEVÅG
Geir Sveri Lundekvam	MIDTVARDHAUGANE 43	5314 KJERRGARDEN
MIKE PAUL KLAUS RACKWITZ	SKJERJAVEGEN 66	5729 MODALEN
Lundekvam Linda Helen	SKJERJAVEGEN 58	5729 MODALEN